

Mona Vetrhus held fram med å få knallgode kritikkar for debuten sin. På ei halv side i bokmagasinet til Klassekampen vert debuten karakterisert som moden og det heiter i tittelen at ho svingar seg mellom fjell og hjerter, himmel og helvete.

Anmeldar Jonas Bals meiner uskedelingen har skreve ei klok, stillferdig og tillitsfull bok fylt av melankolsk heimstavnsdikning og som handlar om barndom og ungdom. På nokre ytterst få sider trer eit halvt liv fram - og ein handfull tapte.

Bals rosar Vetrhus for mykje, mellom anna for språkleg effektivitet og sparsomhet. Både Uskedalen og karakterane etablerast i så få setningar at ein fyllar på sjølv med det som manglar. Anmeldaren meiner boka er som ein roman der 98 prosent av av teksten ikkje er med.

Trykkjer du på teksten kan du lesa Bals sin artikkel.

Av Ola Matti Mathisen